

## REFERAT FRÅ LEIARSAMLING I SOGN OG FJORDANE SAU OG GEIT 2015

Stad: Scandic Sunnfjord Hotell i Førde

Tid: Laurdag 31. oktober

### Lokallaga sin time

J. Risløv frå fylkesstyret informerte om kravet i lagslovene om at alle lokallaga må registrerast med organisasjonsnummer i Brønnpøysundregistra med organisasjonsform foreining.

Vidare informerte han om vedtak i NSG frå 2005 om at alle lag i organisasjonen skal heite Sau og Geit i staden for Sau- og Geitalag som var vanleg tidlegare.

Pr. 31. okt har 18 av 48 lokallag organisasjonsnummer og berre 4 av desse har rett namn. Her er såleis ein jobb å gjere med å få dette på plass. Fylkeslaget skal sende ut skriv om dette til lokallaga i etterkant av leiarsamlinga.

E.B. Ness sa at me som tillitsvalde bør vere flinke til å bruke namnet Sau og Geit.

R. Sæle orienterte om at ein vurderer å gå over til ein felles kontingent for alle og ikkje gradert som i dag med over og under 50 dyr. Dette vil kome på høyring. I tillegg kjem det ei sak på høyring om å ha landsmøte kvart år.

J.I. Kalland: Viste til sak 21/15 i SFSG. Dersom SFSG skal låne ut kikkerten vil Naustdal Sau og Geit kalle inn att pengane dei gav til føremålet. Sak 40/15 i SFSG. Ynskjer referat frå møtet i Naustdal 30/06/15.

E.B. Ness: Forslag om at ein lagar reglar for kikkerten fram til årsmøtet. Bruk sunn fornuft ved utlån i tillegg til reglane.

V. Sandal: Er potten til fylkesfellingslaget auka?

L. Nesse: Fylkesmannen har ansvar for og fordeler pengar til fylkesfellingslaget. Veit ikkje om potten er auka.

J.K. Ravnøy: Kva med pengane vedtekne på årsmøtet i SFSG etter forslag frå Naustdal og Askvoll?

E.B.Ness: Ein må lage nye skjema til kåringa. I dag er det overstrykingar osv. Tilbakemelding på seminkatalogen.

E. Offerdal: Ynskjer å få til sosiale turar. Oppfordrar lokallaga om å sende innspel til fylkeslaget. Førslær ein tur i ytre og ein i indre.

Postadresse:

Ragnhild Sæle

Ålhus

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: leder.sognogfjordane@sauoggeit.no

Bankgiro:

Orgnr.

3703 20 15213

971 115 599

# Sogn og Fjordane Sau og Geit



R. Sæle: Heilt samd. Prøver å få til turar framover.

E.B. Ness: Forslag om å utfordre Stryn til å arrangere tur. Mulege alternativ: Kamperhamrane, Sundalen eller Glæra (gamal drifteveg).

E. Offerdal: Utfordre Skjolden til å lage tur i Mørkridsdalen.

J.K. Ravnøy: Me hadde tur i Askvoll i august. Lite oppmøte.

V. Sandal: Beitedyr: I Gloppen søkte ein om utvida bandtvang og fekk der auka den frå 20. aug til 15. okt.

J. Nummedal: Smitterisiko ved omreisande saueklypparar. Mattilsynet lunkne. Kva kan me gjere i fellesskap? Kan me få klipparane til å skifte klede når dei t.d. kryssar livdyromsetningsgrenser for sau?

J.K. Ravnøy: Askvoll har søkt om bandtvang heile året.

K. Rudningen: To lover regulerer bandtvangen:

- Viltlova (Naturmangfaldslova). Bandtvang til 20. aug.

- Bufelova. Det er bandtvang når dyr er på beite.

(Referent har sjekka i ettertid: Det er hundelova som regulerer dette. Den har generell bandtvang frå 1. april til 20. aug. Med heimel i §6 i hundelova kan kommunen gjennom forskrift utvide bandtvangsperioden.)

## Informasjon frå TINE ved Helga Kvamsås

Gjennomsnittleg geitemjølkskvote i 2015:	Sogn og Fjordane:	68 000 liter
	Landet:	71 000 liter

Tørrstoffinnhaldet i geitemjølka har auka frå 10,49 % i 2001 til 11,88 % i 2014.

Avdrått: 2001: 558 liter/geit                      2014: 742 liter/geit

2015:                      Betydeleg lager av ekte geitost.  
                              Kvotefylling på 92,2 %.  
                              Bruken ned med 3 %.  
                              Total kvote på 22,5 mill. I geitemjølkk på landsbasis.

Postadresse:

Ragnhild Sæle

Ålhus

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: leder.sognogfjordane@sauoggeit.no

Bankgiro:

Orgnr.

3703 20 15213

971 115 599

## Anders Felde, Sogn og Fjordane bondelag

Me treng vekst i Sogn og Fjordane på Sau.

3 stolpar som er avgjerande for landbruk i heile landet.

Importvern  
Marknadsbalanse  
Jordbrukstingingane

På rovdyr er det avgjerande at ein held oppe trykket.

## Jordbrukstingingane 2016

NSG sentralt skal ha innspel innan 1. februar – 16. Me har fått nokre dagars utsetjing slik at lokallaga kan behandle saka på årsmøta sine.

Innspel:           Utmarksbeitetilskotet  
                      Utbetaling av tilskot (Framlegg om reduksjon frå 2 til 1 utbetaling pr år)  
                      Endring i ulltilskot  
                      Teljedato  
                      Auke prisane/auke tilskota  
                      Eigedomsoverdraging – skattlegging  
                      Eigedomsstruktur – kan A/S eige jord?  
                      Tilskot til villsau – konsekvensar av omlegginga i fjor  
                      Bu og driveplikt. Vert praktisert ulikt. Viktig, men ikkje aktuelt i jordbrukstingingane.

Framtidsperspektiv:   Sau/Geit i Sogn og Fjordane.  
                                  Kva ynskjer me om 5 – 10 år?

Diskutere dette på sauemøtet på Skei i januar. Viktig med god dialog med Bondelaget, og Ragnhild må få innspel frå gruppa til møtet med Bondelaget i desember.

Gjetarhund: J.K. Ravnøy: Hunden har ikkje vore nemnd.

Gruppe til å utarbeide eit framlegg på sau frå SFSG:

Odd-Jarle Øvreås  
Eli B. Ness  
Jon O. Nummedal

Geitegruppa utarbeider eit framlegg som gjeld geit.

*Referent: O-J Øvreås*

Postadresse:  
Ragnhild Sæle  
Ålhus  
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: leder.sognogfjordane@sauoggeit.no

Bankgiro:       3703 20 15213  
Orgnr.           971 115 599